

Fitjar kommune

Dato: 02.02.2018
Vår ref.: 2017/16603-8
Saksbehandlar: trowah
Dykkar ref.:

H-FJ-23, H-FJ-26 og H-MF-31 Engesund Fiskeoppdrett AS - Søknad om etablering av anlegg for produksjon av matfisk av laks og aure på ny lokalitet Fossvika i Fitjar kommune

Hordaland fylkeskommune sender med dette ut søknad dagsett 23.10.2017 og supplerande opplysningar 01.02.2018 frå Engesund Fiskeoppdrett AS om løyve til å etablere anlegg på land for produksjon av laks på ny lokalitet Fossvika i Fitjar kommune.

Søknaden gjeld etablering av ny lokalitet i Fossvika.


Søkjjar ønskjer å etablere både visning, forskning og grøn-C løyve på lokaliteten.

Engesund Fiskeoppdrett AS skriv at dei vil seie i frå seg visningslokalitet 32117 Dyrholmen Øst dersom dei får etablere seg på Fossvika.

For å kunne få klarert lokaliteten Fossvika for tarekonsesjonen, må Fiskeridirektoratet først gje vedtak om etablering på lokaliteten Fossvika, og EF har nå søkt Fiskeridirektoratet om dette.

Den grønne konsesjonen har fleire ulike tiltak for både å redusere risiko for rømming, redusere risiko for oppbygging av høge tettleiker av lakselus og ikkje minst strengare krav til høgaste aksepterte grense for lakselus. Alle desse tiltak og krav vil gjelde når denne konsesjonen driftas på lokaliteten.

Det omsøkte anlegget består av åtte stk. frittliggande 160 m ringar på to rekkjer, som ligg rundt ca. 220 – 250 meter frå land om lag i lengderetning nordnordvest. Det ligg og ein fôrflåte på nordnordvestsida av anlegget rundt 265 meter frå land.



Figur syner omsøkt plassering.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskrifta. Sådanne vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjøring. Vi minner om at det er fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiast nærmare.

Hordaland fylkeskommune ber om at Fitjar kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Sølve Dag Sundbø
klima- og naturressurssjef

Trond Olav Wahl
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

